

Kommunedirektøren legg med dette fram sak til høyring om barnehage- og skulebruksplan.

Forslag til vedtak: Kommunedirektøren tilrår følgjande endringar i struktur og organisering frå og med oppstart av nytt barnehage- og skuleår 2026/27:

1. Vinjar barnehage og Vinjar skule blir slått saman til Vinjar oppvekstsenter 2026
Redusert ressurs: 0,55 stilling Auka driftsutgifter: 0,2 millionar kroner
2. Nesflaten skule blir lagt ned frå 01.08.26 og elevane ved Nesflaten skule vert overført til Vinjar oppvekstsenter.
Redusert ressurs: 2,40 stilling Redusert driftsutgifter: 3,0 millionar kroner
3. Vinjar barnehage avdeling Nesflaten blir lagt ned frå 01.08.26. Kommunen vil rettleia jamfør lowverket (vedlegg 31) for drift av familiebarnehage på Nesflaten.
Redusert ressurs: 2,00 stilling Redusert driftsutgifter: 1,6 millionar kroner
4. Jelsa oppvekstsenter sin skuledel blir lagt ned frå 01.08.26, og elevane ved Jelsa oppvekstsenter vert overført til Erfjord skule. For elevar som i dag soknar til Jelsa oppvekstsenter blir det gitt SFO tilbod i Stølane barnehage avdeling Jelsa.
Redusert ressurs: 2,90 stilling Redusert driftsutgifter: 4,1 millionar kroner
5. Jelsa oppvekstsenter sin barnehagedel blir vidareført i dagens bygg på Jelsa. Barnehagedrifta blir ei avdeling under Stølane barnehage, og seinare Stølane oppvekstsenter.
Redusert ressurs: 0,15 stilling Redusert driftsutgifter: 0,8 millionar kroner
6. Stølane barnehage og Erfjord skule blir slått saman til Stølane oppvekstsenter i 2029
Redusert ressurs: ingen endring Ingen endring driftsutgifter
7. Kommunedirektøren tilrår at følgjande sak skal endeleg handsamast andre møterunde i 2026: Framtidig tilbod til barn og elevar på Ropeidhalvøya.

Ein skal sjå på mogleg driftsform, plassering og organisering av barnehage og skuletilbod for barn frå Ropeidhalvøyna. For å sikra ein best mogleg prosess og eit best mogleg grunnlag for avgjerd blir denne delen av barnehage- og skulebruksplanen handsama våren 2026. Barnehagedrifta er i dag i leigde lokale som ikkje er føremålstenleg til barnehagedrift. Det er driftsteknisk utfordrande ved at kommunen ikkje eig bygget. Reisetid er rekna å vera for lang til å gi barnehagetilbod i andre grender. Skuletilbodet blir i dag gitt ved Marvik skule, eit bygg som syner å ha store tekniske og føremålstenlege manglar for skuledrift. Bygget er også uheldig plassert i høve til kor barn bur. Kommunedirektøren er også bekymra for elevtalet over tid, samstundes som reiseveg er utfordrande med tanke på lengd. Sentrale punkt frå prosjektmandat som kvalitet, bemanning, pedagogisk drift, kompetanse, læringsmiljø, utvikling, ressursutnytting og barns beste vurdering skal vera førande i utgreiinga.

Kommunedirektøren tilrår følgjande forprosjekt og prosjekteringar skal starte i 2026.

1. Forprosjekt, prosjektering av Stølane oppvekstsenter
Prosjekteringskostnad : 9,682 millionar kroner
Førebels investering: 129,1 millionar kroner Kapitalkostnad: 5,99 millionar kroner og
2. Forprosjekt, prosjektering av påbygg Sand barnehage Joagarden.
Prosjekteringskostnad: 4,222 millionar kroner
Førebels investering: 56,3 millionar kroner Kapitalkostnad: 2,61 millionar kroner
I tillegg gir endringa reduserte driftsutgifter: 0,1 millionar kroner

Kommunedirektøren tilrår følgjande forprosjekt og prosjekteringar skal starte i 2027.

1. Forprosjekt, prosjektering av planlagt oppgradering Stølane barnehage, avdeling Jelsa
Prosjekteringskostnad: 0,33 millionar kroner
Førebels investering: 4,4 millionar kroner Kapitalkostnad: 0,2 millionar kroner
2. Forprosjekt, prosjektering av endra behov på Sand skule
Prosjekteringskostnad: 0,772 millionar kroner
Førebels investering: 10,3 millionar kroner Kapitalkostnad 0,48 millionar kroner
3. Forprosjekt, prosjektering av endra behov ved Vinjar oppvekstsenter.
Prosjekteringskostnad: 1,297 millionar kroner
Førebels investering: 17,3 millionar kroner Kapitalkostnad 0,8 millionar kroner

Andre punkt:

1. Dersom ein barnehage har under 10 plasser i meir enn eit barnehageår blir den kommunale barnehagedrifta lagt ned. Kommunen vil rettleia jamfør lovverket for endra driftsform til familiebarnehage.
2. Alle barnehagar, oppvekstsenter og skular i Suldal skal jobba for full pedagogdekning, dette i tråd med lov og forskrifter.
3. Prøveordninga med at ungdomstrinnet på Nesflaten går på Sand skule blir gjort permanent frå 01.01.26
4. Utgreiing av ny ungdomskule på Sand blir ikkje teke vidare. Utbetringar av dagens bygg vil kunna løysa utfordringar og gi mindre investeringsbehov enn eit nytt bygg.
5. Administrasjonen vil komma tilbake med eiga sak om sal/etterbruk av bygg og FDVU kostnader 2027

Samandrag

Kommunedirektøren tilrår ny barnehage og skulestruktur i kommunen for å sikra eit likeverdig tilbod med høg kvalitet, rett kompetanse, gode læringsmiljø, effektiv ressursbruk og utvikling i tråd med nasjonale føringar og lokale ambisjonar. Ulike kunnskapsgrunnlag syner at Suldal kommune har utfordringar knytt til mellom anna kompetanse, rekruttering, likeverdig tilbod, utdaterte bygg og eit forsvarleg leike- og læringsmiljø for barn i barnehage og skule.

Kommunen har også demografiske utfordringar (vedlegg 6&8). Fleire av dagens einingar blir av kommunedirektøren rekna å vera for små til å kunna driva i tråd med nasjonale føringar, lokale ambisjonar og utfordringsbiletet som er peika på i ulike kunnskapsgrunnlag. Nesflaten skule, Vinjar barnehage avdeling Nesflaten og Jelsa oppvekstsenter sin skuledel er difor føreslått nedlagt frå 01.08.2026.

Det framlagde strukturalternativet vert vurdert som det mest føremålstenlege og berekraftige valet for framtidig oppvekststruktur i Suldal kommune. Vurderinga er basert på dei fastsette kriteria og ei heilskapleg analyse av dei alternativa som er greia ut av Norconsult (vedlegg 1&2).

Dette alternativet inneber den mest omfattande strukturendringa, med etablering av fleire oppvekstsenter og reduksjon i talet på sjølvstendige einingar. Løysinga medfører mellom anna betre utnytting av fagkompetanse på tvers av tenesteområda, meir likeverdig tilbod, meir effektiv organisering og reduserte lønsutgifter. Samla sett gir dette ei meir robust og framtidsretta organisering.

Oppvekstsenter legg til rette for større og meir stabile fagmiljø, styrkt samspel mellom barnehage og skule, og betre vilkår for utvikling av felles pedagogisk praksis. Trass i høgare kapitalkostnader, vil løysinga over tid gi lågare FDVU-kostnader og auka funksjonell eignaheit, noko som styrkjer den langsiktige berekrafta.

Vidare gir strukturen eit unikt høve til å forme ein ny, felles kultur ved oppvekstsentra. Dette kan vere ein viktig faktor for å sikre ei vellukka og varig samanslåing. Det føreset likevel eit aktivt, medvite og ope arbeid med ivaretaking og inkludering av barn, tilsette og føresette.

Barn vil få tilgang til eit større og meir variert leikemiljø, samt eit rikare klasse- og skulemiljø. Endringar kan vere krevjande for enkelte, men også utviklande og berikande for mange. Barna vil kunna ha behov for tett oppfølging i overgangsfasen. Forsking viser at barn i stor grad handterer slike overgangar på ein god måte når dei vert godt støtta.

Tilgangen på støttetenester og fagkompetanse vil kunna betrast vesentleg. Kommunen vil i større grad kunna oppfylle krav til risikovurderingar, planar, godkjenningar, kontrollar og andre krav knytt til både rutinar og bygningsmasse.

Reiseveg er ein faktor i ein stor og vidstrakt kommune som Suldal. Ein ny barnehage- og skulestruktur vil innebera at enkelte av elevane ved Jelsa og Nesflaten skule får noko lenger reiseveg enn i dag. Samla sett vil fleire elevar kunna gå og sykla til skulen med ny modell og fleire elevar får kortare reiseveg enn i dag.

I denne saka er barns bestevurderingar gjort både i Norconsult si eignaheitsvurdering for anlegg og i alternativsvurderingane for struktur. Her handlar mål og kriteria både eksplisitt og implisitt om barns beste. Prosjektgruppa har henta inn barns stemme gjennom elevråd og barnesamtale og gjort ei heilskapleg vurdering av barns beste jamfør Barneombodet sin rettleiar (vedlegg 34).

Kommunedirektøren vurderer alternativet som eit robust, framtidsretta og strategisk val. Det kan bidra til å redusera behovet for gjentekne debattar om struktur og nedlegging, noko som i seg sjølv kan verke stabiliserande og helsefremjande for suldalssamfunnet.

Alternativet oppnår høg måloppnåing (vedlegg 1&2) på flest område, og er det einaste alternativet som ikkje får vurderingar under middels.

Kommunestyret har det overordna, juridiske og økonomiske ansvaret for at både barnehage og opplæringstilbod i kommunen oppfyller alle krav i lov og forskrift, og skal sikra at ein har dei ressursane og systema som trengst for å oppfylle krava.

Det er barnehage og skuleeigar sitt ansvar å gje gode nok rammer til å drive forsvarlege og likeverdige tenester etter lova og til beste for barna.

Kommunedirektøren meiner løysinga set kommunestyret i stand til å ta ansvaret ein er sett til å ta.

Fakta

For mandatet til ny barnehage- og skulebruksplan ligg vedtak i sak 154/23 i kommunestyret den 18. desember 2023 og vedtak frå kommunestyret i sak 037/24 den 19. juni 2024 til grunn .

Dette mandatet blei vedteke i sak 087/24 den 18. desember 2024 (vedlegg 7). Under ligg vedtak i saka:

Kommunedirektøren sitt forslag til prosjektmandat for utgreiing i forhold til komande barnehage- og skulebruksplan vart teken til vitande med følgjande tillegg:

Under punktet eksterne aktører side 3 legges følgjande punkt til.:

-Utfordringar knytta til avstand og rasfarlige vegar

-Bruk av ny teknologi og undervisningsformer

Med følgjande endring:

Representant frå undervisningspersonell i skulen (oppvekstsenter) – 6 medlemmer, ein representant frå kvar skule/oppvekstsenter

I mandatet kjem det fram at føremålet er å gje eit grundig og påliteleg informasjonsgrunnlag til politisk sak om framtidig organisering av barnehagar og skular.

Det vart oppretta ei prosjektgruppe som arbeida med konkrete forslag og ei referansegruppe som skulle sjå til at prosjektgruppa arbeidde i tråd med mandatet.

Det vart lyst ut anbod på innhenting av stoda på drifta og einingane knytt til mellom anna: kvalitet, bemanning, pedagogisk drift, kompetanse, læringsmiljø, utvikling, ressursutnytting og barns beste vurdering. Dette i tråd med kommunestyresak 087/24.

Norconsult leverte endeleg rapport 28.05.25 (vedlegg 2). Rapporten tek føre seg nasjonale og kommunale føringar for drift og utvikling av barnehagar og skular. Informasjon om bygningsmasse, drift og kvalitetsarbeid er samla inn gjennom synfaringar, intervju og dokumentanalyse.

Målet med rapporten har vore å vurdere korleis barnehagar og skular i Suldal kan organiserast på best mogleg måte for å sikre høg kvalitet, effektiv ressursbruk, rett kompetanse, gode læringsmiljø og utvikling i tråd med nasjonale føringar og lokale ambisjonar. Rapporten bidreg til å klargjera korleis barnehagar og skular bør vere organiserte i framtida.

Parallelt med dette har prosjektgruppa og referansegruppa arbeidd både saman med Norconsult og med eigne undersøkingar og drøftingar.

Medverknad

I saka knytt til barnehage og skulebruksplan har kommunedirektøren lagt opp til brei medverknad og ein open prosess på denne måten:

- Informasjon om prosessen, faktagrunnlag og referat frå møter i prosjektgruppa og referansegruppa på eige område på heimesida.
- Informasjon på digitale flatar om prosess og moglegheit til å koma med innspel.
- Folkemøte med framlegging av rapport frå Norconsult med tilhøyrande strøyming av video til dei som ikkje kunne møte fysisk.
- 11 prosjektgruppemøte og 4 referansegruppemøte med brei representasjon og fagleg tyngde (vedlegg 25&26). Det er planlagt eit 12. møte etter høyringa er over.
- Tilsette har mellom anna blitt lytta til gjennom intervju og undersøking.
- Barn har blitt lytta til gjennom elevråd og barnesamtale (barnehage).
- Føresette har blitt lytta til gjennom FAU og spørjeundersøking til kvar enkelt føresett.
- Grendemøte i 7 grender der alle som ønskte fekk informasjon, og ein fekk gje innspel til prosessen vidare blant anna gjennom gruppearbeid og anonym spørjeundersøking.
- Seks kontaktmøte (hovudtillitsvalde) våren 2025 med dette som sak. Hovudverneombod med på fire av møta.
- Grendeutvala blei oppmoda til og har gitt konkrete innspel til Norconsult sitt føretrekte alternativ; alternativ 4 for skule og 2 for barnehage.

Krysspunkt 2025 - demografi

Fleire kunnskapsgrunnlag knytt til den demografiske utviklinga viser at det blir fleire eldre og lågare fødselstal i Suldal kommune og Noreg generelt. Nyleg framlagde tal frå Rogaland Fylkeskommune (tabell under), basert på SSB sine framskrivingar, syner at barn i aldersgruppa 0-16 år i Suldal kommune går ned med 74 barn innan 2030 (vedlegg 6). I 2035 er det venta å ha gått ned 116 barn i barnegruppa samanlikna med i dag, før det stabiliserer seg i åra etter det. I 2050 ventar ein 115 barn færre i aldersgruppa 0-16 år samanlikna med i dag. Dette kjem også fram i kommunens eigneprognozar (vedlegg 8).

Prognose befolkning Suldal	2025	2035	Tal	Endring
0 - åringer	36	35	-1	-3 %
Barnehage (1-5 år)	215	190	-25	-12 %
Grunnskole (6-15 år)	510	420	-90	-18 %
Videregående (16-19 år)	238	177	-61	-26 %
Voksne (20-66 år)	2 123	2 060	-63	-3 %
Eldre (67-79 år)	583	574	-9	-2 %
Eldre (80-89 år)	189	318	129	68 %
Eldre (90 år og eldre)	45	53	8	18 %
Total	3 939	3 827	-112	-3 %

Fleire eldre og færre barn og unge betyr at ein som omtalt i budsjett- og handlingsprogram må omprioritera ressursbruken frå oppvekst til omsorg.

Evne – kapasitet og kompetanse

Norconsult vurderer barnehagane i Suldal som sterke på planverk og pedagogisk praksis, med høg tillit frå føresette og kultur prega av medverknad, tryggleik og systematisk utviklingsarbeid. Samstundes manglar fleire einingar grunnleggjande føresetnader for å realisere ambisjonane, særleg knytt til byggmessige forhold (vedlegg 2), kompetanse og strukturelle rammer.

Barnehagane er mange og spreidde, noko som gjer fagleg samarbeid utfordrande. Pedagogisk ansvar kviler ofte på få personar, og dispensasjon frå utdanningskrav er vanleg. Små einingar med avgrensa ressursar har vanskar med å oppfylle alle krav i lovverk og nasjonale føringar. Det er behov for auka kompetanse og betre system for å inkludera barn og føresette med minoritetsbakgrunn.

Norconsult peikar på at kvaliteten i Suldal-skulen kan bli personavhengig. Støttetenestene uttrykkjer uro for likeverdig tilbod og tidleg oppfølging av elevar med særskilde behov, mellom anna dysleksi og minoritetsspråk. Planverket har visse samanhengar, men overgangen frå kommuneplanen sin samfunnsdel til tverrfaglege planar er utfordrande.

Skulane varierer i evne til å levera på kvalitetsutviklingsplanar. Nokre manglar planar heilt, medan større einingar i større grad oppfyller skuleeigars forventningar. Dagens struktur kan ha fordelar for grendene og tryggleik, men gir uheldige konsekvensar for likeverdig tilbod. Fleirtalet av pedagogar og føresette meiner dagens struktur ikkje er tilpassa elevtalet.

KS konsulent sin rapport frå 2022 peikar på fleire av dei same utfordringane for Suldalsskulen. Dei identifiserte to hovudfunn: ein sårbar skulestruktur med mange små einingar og utfordringar knytt til rekruttering og kompetanse. Utfordringsbiletet er hovudsakleg knytt til å sikra rett kompetanse ved alle skulane i Suldal. Kompetansekrav er lovfesta nasjonalt.

Ressursutnytting

Norconsult syner i kombinasjon med KOSTRA-tal at Suldal kommune brukar mykje pengar på barnehage og skuledrift, samanlikna med eiga Kostra-gruppe. Dette handlar om den desentraliserte strukturen og små einingar. Tildelinga av ressursar og stillingar til den einskilde eining er på eit nøkternt nivå samanlikna med referanseiningar. Dette viser at det er lite å hente på lågare ressurstildeling til kvar eining.

For barnehage ser ein samla sett ut til å tildele gode ressursar i barnehagen, men bryt ein dette ned til kvar einskild barnehage ser at den gode vaksentettleiken i stor grad skuldast små barnehagar med få barn som gir eit betre snitt. Dei større barnehagane ligg i dag nær nasjonal norm for talet på vaksne per barn (vedlegg 1&14).

Potensialet for einingane ligg i strukturendring og meir effektiv einings- og bygningsdrift.

Det er stor overkapasitet i skulane, og kommunen driftar fleire tusen kvadratmeter bygningsmasse meir enn kapasitetsbehovet. Dette gjev auka driftsutgifter. Kommunen nyttar også langt mindre ressursar på bygningsdrift og byggutvikling enn tilrådd og det er større vedlikehaldsetterslep på einskilde skular. Norconsult peikar på at forskjellane i funksjonalitet og tilstand på skulebygg er så store at det hindrar likeverdige lærings- og arbeidstilhøve i kommunen.

For barnehage blir det påpeikt at mange bygg har manglar i universell utforming, noko som gjer delar av arealet utilgjengeleg for enkelte brukarar. I tillegg er støtteareal som garderober, stellerom og personalrom gjennomgåande underdimensjonerte. Dette gjer det vanskeleg å

gjennomføre pedagogisk arbeid på ein god måte, er lite inkluderande og hindrar utvikling av fleksible og inkluderande læringsmiljø. Analysen viser at dei fleste barnehagane har lågare areal per plass enn lovkrav, noko som fører til trange forhold, avgrensa fleksibilitet og manglande støtte- og personalareal. Dette påverkar både barna sine leike- og opphaldsareal og dei tilsette sitt arbeidsmiljø.

Prognosane for barnetal, slik dei er presenterte i økonomiplanen og i SSB sine framskrivingar, viser ein samla nedgang. Det vil stabilisera seg frå 2035 og framover, men framskrivingar frå Rogaland fylkeskommune (vedlegg 6) syner at talet barn i aldersgruppa 0-16 går ned med 74 barn innan 2030. Dette betyr at små einingar blir endå mindre, og kollegia blir reduserte. Dei minste einingane har allereie i dag svært små miljø noko som er sårbart både sosialt og fagleg for barna og tilsette.

Kunnskapsgrunnlag viser generelt låg utnyttingsgrad både av menneskelege og økonomiske ressursar. Dette er knytt til ein desentralisert barnehage og skulestruktur med mange små einingar. For støttetjenestene gjer dagens struktur at evna og ressursane til å arbeida førebyggjande i saker blir redusert og krevjande.

Kompetanse i barnehage og skule

Kompetanse blir her forstått som formell, lovpålagt kvalifikasjon for tilsetjing i barnehage og skule. Suldal kommune har over tid hatt utfordringar med å oppfylle desse krava og ein ligg betydeleg under nasjonalt nivå på fleire einingar.

Barnehagelova stiller krav til både grunnbemanning og pedagogisk bemanning. Dei større barnehagane i Suldal ligg nær nasjonal norm for vaksenttelleik.

I skulen er det skilnad på krav til tilsetjing og krav til å undervisa. For undervisningsåret 2024/25 hadde 74,1 prosent av undervisningspersonalet godkjent kompetansekrav for tilsetjing. Dette er langt under det nasjonale gjennomsnittet på 94 % og trenden i Suldal er negativ.

For undervisningskompetanse er tala urovekkande. Mange tilsette manglar fagleg fordjuping i norsk, engelsk og matematikk, der lova krev 60 studiepoeng på ungdomstrinnet og 30 på barnetrinnet. På det nasjonale rapporteringstidspunktet skuleåret 2024/25 oppfylte berre 25 % av dei som underviste på ungdomstrinnet krava i norsk, 36 % i matematikk og 44 % i engelsk. Dette er langt under det nasjonale gjennomsnittet på 94 %.

Del av undervisningspersonalet som fyller kompetansekrav for tilsetjing i Suldal kommune

År	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25
Tal	89,2 %	91,3 %	88,9 %	95,9 %	90,0 %	83,5 %	80,8 %	72,4 %	74,1 %

Kommunestyrevedtaket om 60% pedagogdekning er lovstridig då loven set 100 % dekning som krav. Desse utfordringane er samansette og komplekse, og Suldal er ikkje åleine om å oppleve vanskar med å rekruttera kvalifiserte lærarar og kvalifiserte vikarar.

Både KS Konsulent og Norconsult peikar på at kombinasjonen av strukturen og rekrutteringsutfordringane er svært sårbare for Suldal. Kommunen har fleire strategiar og tiltak for å betra rekruttering og sikra kompetanseheving og ein har støtta mange med utdanningsmidlar både nasjonalt og lokalt.

Ei strukturendring vil betre rekrutteringsmoglegheiter og bygge meir robuste fagmiljø.

Læringsmiljø

Undersøkingar viser at dei fleste barn og unge i Suldal trivst i barnehage og skule. Eit trygt og inkluderande leike- og læringsmiljø, både fysisk og psykisk, er avgjerande for kvalitet i oppvekstsektoren.

Norconsult og tilbakemeldingar frå tilsette og føresette peikar på fleire utfordringar knytt til det fysiske læringsmiljøet. Mange bygg manglar universell utforming som fleire lovverk krev (vedlegg 2), og støtteareal som garderobar, kontor og personalrom er i stor grad underdimensjonerte. Dette hemmar pedagogisk arbeid og utvikling av inkluderande miljø.

Skulane i Suldal har høg gjennomsnittsalder. Dei har fleire funksjonelle manglar og dei eldste har låg teknisk tilstandsgrad. Forventa levetid for eit formålsbygg som skule er 50 år. Fleire av skulane har nådd denne levetida. Større ombyggingar vil truleg verte rekna som hovudombygging med krav etter TEK 17.

I dag er det få elevar på fleire av einingane i grendene. Dette gjeld særleg Nesflaten og Jelsa, men dels også på Kjølvikstølen og Marvik. Det er sårbart med låge barnetal, men ekstra sårbart på einingar med få eller ingen barn på nokre årskull.

Nokre barn kan oppleva det som trygt å vera få, og utviklande å vere aldersblanda. Dei har god tilgang til tilsette. For andre barn vil eit større miljø gjere det lettare å få vener og stimulera til betre leike- og læringsmiljø. Små kull kan føra til at ein ikkje har barn på same alder eller elevar av same kjønn korkje på trinnet eller i kullet over/under. Dette gir sårbare leike- og læringsmiljø noko fleire av kunnskapsgrunnlaga peikar på. Støttetenestene i kommunen meiner det er utfordrande når miljøa blir for små, og rapporterer om barn som kan gå heile barneskulen utan vener. Overgangen til ungdomstrinnet er stor for dei som kjem frå små skular.

Utvikling

Utdanningsdirektoratet, opplæringslova og rammeplan for barnehagen set tydelege nasjonale føringar for utvikling og drift innan oppvekstsektoren. Regjeringa har som mål at barnehage og skule skal vere profesjonelle læringsfellesskap som systematisk jobbar med å utvikle kvaliteten, og som har leiarar og tilsette med relevant kompetanse.

Norconsult framhevar at barnehagane i Suldal overordna gjer eit svært godt inntrykk når det gjeld planverk og pedagogisk praksis. Det er eit høgt ambisjonsnivå og det blir nytta fleire utviklingsverktøy mellom anna pedagogisk analyse, BTI-modellen og ståstadsanalysar. Dette er verktøy som er godt eigna til å fremje profesjonell refleksjon, men krev tid, opplæring og lokal forankring for å ha reell effekt. Ein framhevar i funna at ei sentral utfordring er at barnehagane er mange, ulike i storleik og geografisk spreidde, noko som gjer det vanskeleg å etablere faglege fellesskap og dele erfaringar på tvers. I tillegg kviler det pedagogiske ansvaret ofte på få personar, noko som gjer det krevjande å sikre kontinuitet og kvalitet i arbeidet.

På skuledelen peikar Norconsult og KS konsulent på at skulane i ulik grad er stand til å levera på forventa planar for eigen kvalitetsutvikling. Nokre kvalitetsutviklingsplanar har manglar, andre skular har ikkje laga eigne planar. Dette er også eit skuleeigaransvar, og det blir peika på manglar i det kommunale støttesystemet for å hjelpa skulane som har utfordringar. Slik strukturen er i dag er det ikkje kapasitet og kompetansen ute i einingane til å klare dette godt nok. Det blir vist til at kommunen har eit kvalitetssystem med kvalitetshjul som legg opp til lærande prosessar, med satsingar som mellom anna pedagogisk analyse.

Norconsult stiller spørsmål om det er for mange oppgåver utover rein barnehage og skuledrift, noko som kan gjera at einingane ikkje har kapasitet eller kompetanse til å følgje opp. Det er også usikkert kva samanheng, overordning og underordning, det er mellom fleire av planane og rutinane innafor oppvekst. KS Konsulent, Norconsult, administrasjonen og fleire av einingsleiarane trekk fram at dagens struktur gir utfordringar med å sikra kvalitet og utvikling når forskjellane i kvardagane er så forskjellige.

Tilsette og arbeidsmiljø

Arbeidsmiljølova stiller krav til både fysisk og psykisk arbeidsmiljø. Norconsult har i samarbeid med prosjektgruppa utarbeidd ein standard for skule- og barnehagebygg som skal sikra framtidsretta, universelt utforma og funksjonelle bygg.

Rapporten viser at mange bygg har store manglar i høve til både lovkrav og den lokale standarden. Dette påverkar arbeidsmiljøet negativt og gjer det vanskeleg å tilby gode og helsefremjande arbeidsplassar for tilsette.

Ved endring av struktur har kommunen gode rutinar for tilsette som må skifte arbeidsstad, dette i tråd med lovverk og retningslinjer.

Avstand, reisetid og rasfare

Det finst i det sentrale lovverket ikkje fastsette reglar for maksimal reisetid til og frå skulen. Rundskrivet *Retten til skyss UDIR-2-2019* tar for seg reisetid. Her står det at «Skuleskyss må organiseres slik at eleven får en akseptabel reisetid». I vurderinga av kva som er akseptabel reisetid må gåtid og tid med transportmiddel sjåast i samanheng. Det må òg takast med kor lang ventetid eleven har før og etter skulen. Det er altså den totale tida eleven brukar frå hen drar heimanfrå til opplæringa startar, og frå opplæringa er slutt til eleven er heime om ettermiddagen som utgjer den samla reisetida.

Det er særleg viktig å organisere skyssen for dei som går på første trinn slik at reisetida blir så kort som mogleg. Kommunen kan gi retningslinjer for kva som vil vere akseptabel reisetid, men desse vil berre vere eit utgangspunkt for den vidare vurderinga.

UDIR peikar på at omsynet til at eleven får tilstrekkeleg fritid og tid heime talar for å avgrense reisetida så mykje som mogleg. Omsynet til effektiv og rasjonell organisering av skyssen kan på den andre sida tilseie at alle elever må akseptere ei viss reisetid.

Fylkeskommunen er i følgje opplæringslova ansvarleg for skuleskyss for elevar i grunnskulen og har vedtaksmynde i slike saker. Dette gjeld ikkje skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg under 2/4 km der kommunen er vedtaksmynde.

I dei nye retningslinjene for skuleskyss i grunnskulen, vedtatt i fylkestinget juni 2024 (FT-sak 75/24), er det ikkje lenger skrive noko om akseptabel reisetid. Her finn vi følgjande om reisetid og gangavstand:

Loverket fastset inga øvre grense for dagleg reisetid mellom heim og skule. Skuleskyssen skal dekkje det meste av strekninga, men ein viss reisetid må akseptast for å få ei rasjonell og samfunnsøkonomisk god organisering. Kva som er akseptabel reisetid, må vurderast konkret i kvar enkelt sak, med omsyn til mellom anna elevens alder, trafiksikkerheit, årstid og framkome.

Norconsult har i sin rapport gjort ulike analysar av reisetid ved ny struktur. Konklusjonen deira er at eit fåtal elevar på Nesflaten og Jelsa vil få lenger reiseveg enn i dag. Elles i kommunen vil reisetid vera lik eller kortare. Ein større del av elevane enn i dag vil også kunna gå og sykla til skulen.

Kommunedirektøren har innhenta informasjon om reisetid for Nesflaten og Jelsa uavhengig av Norconsult sin rapport. Ein har også bede om tider frå andre stader som i dag har lang reiseveg for å laga eit samanlikningsgrunnlag. Tidene vil ikkje belysa reiseveg frå kvar einaste heim i kommunen, men tek eit utval, kommunedirektøren gir eit realistisk bilete frå ulike grender. Informasjonen bygger også på sak 12/494 frå 2012 – *Utgreiing av reisetida frå Vetrhus/ Bråtveit – Sand (vedlegg 12)*, og er blitt oppdatert frå dagens transportør Tide som tek utgangspunkt i eksisterande ruter og faktisk reisetid med buss.

Transporttider med buss:

Vetrhus – Nesflaten skule 20 min.

Nesflaten skule – Vinjar skule 30 min

Vinjar skule – Sand 30 min

Østerhus - Erfjord skole 18 min

Erfjord skole - Sand skole 30 min

Hauga - Erfjord skole 40 min

Landsnes - Sand skole 75 min.

Vormestrand - Sand skole 60 min.

Fra Landsnes til Erfjord via Jelsa vil rutetiden bli 45 - 50 min.

Tide har på spørsmål uttalt at det kan la seg løysa og dela Jelsa-elevane på to bussar for å minske reisetida, ein frå Jelsa sentrum og ein som tek området Foreneset - Landsnes

Tide svarar at dette er teknisk mogleg:

Kjøretiden fra Landsnes til Erfjord skole er på ca 16 min, og i fra Foreneset via Landsnes på ca 24 min.

Kommunedirektøren har per 01.07.25 ikkje fått svar frå Kolombus i saka om bussrute Jelsa, Foreneset, Landsnes.

Reisetida frå Nesflaten og Jelsa vil for enkelte auka med å endra strukturen.

Kommunedirektøren vil arbeida for så gode og effektive tilførselsruter som mogleg for å redusera reisetida. Det finst fleire stader i kommunen som har same eller lenger reiseveg og samla sett vil ein halde seg innafor tilrådingar på reisetid. Ein vil sjå på skyssløyising for Ropeidhalvøyna når endeleg utgreiing og sak ligg føre.

Reisevegen må vegast opp mot fordelane med mellom anna større og betre læringsmiljø og betre tilgang på støttetjenester.

Vurderingar av rasfare

Store delar av vegnettet i Suldal kommune har aktsomheitsområde for skred (steinsprang, snøskred, jord- og flaumskred) knytt til seg. Databasen over registrerte skred viser mange hendingar, men dei fleste er registrerte som mindre steinsprang utan særlege konsekvensar. Det har ikkje vore registrert større steinskrud (over 100 m³) i perioden 1990–2024 i Suldal kommune. Det er heller ikkje registrert dødsfall knytt til skredhendingar i same periode (NSDB)

Fleire område er vurderte som skredpunkt. Det er Staten vegvesen som er vegeigar på Riksveg 13. Kommunedirektøren har bede Statens vegvesen om ein risikoanalyse av vegen og ein uttale knytt til dette. Svaret frå vegvesenet ligg vedlagt i si heilheit (vedlegg 35). Dei finn inga risikoanalyse, men uttaler følgande: *Statens vegvesen tek sitt ansvar som vegeigar, og for å drifta og vedlikehalda rv. 13 gjennom Suldal kommune, på største alvor. Ein open veg er ein trygg veg.*

Historia syner at det ved enkelte høve har gått ras eller fare for ras som har gjort at vegen mellom Nesflaten og Suldalsosen har måtta stenge. Det same gjeld mellom Jelsa og Erfjord. Kommunedirektøren viser til Suldal kommune sine prosedyrar knytt til ras og heimeskule.

Den anbefalte barnehage og skulestrukturen vil føra til lengre skuleveg og auka eksponering for trafikk og skred for einskilde barn frå Nesflaten og Jelsa. Kommunedirektøren finn ikkje grunnlag for at dette medfører uakseptabel risiko, sjølv om all ferdsel langs veg inneber ein viss risiko. Den auka risikoen må vegast opp mot fordelane med mellom anna større og meir robuste læringsmiljø, likeverdig tilbod, betre tilgang på støttetenester og redusert gjennomsnittleg skyssbehov og køyretid. Kommunen må også syta for gode, føreseielege løysingar i tilfelle der vegen blir stengd.

Bruk av ny teknologi og undervisningsformer

Kommunedirektøren ser at kompetanse, barns beste og kjenneteikn på skular som lukkast er noko av det som Norconsult legg til grunn i forhold til ulike undervisningsmetodar som t.d. digital undervisning. Undervisningsformer handlar om korleis undervisninga vert organisert, kva aktivitetar som inngår, og korleis samspelet mellom lærar og elevar føregår.

Kunnskapsløftet gir skulane klare føringar for kompetansemål, nytt kompetanseomgrep, djupnelæring, tverrfagleg arbeid og skildring av grunnleggjande dugleikar, t.d. digitale dugleikar (lese, skrive, rekne munnleg og digitale ferdigheiter). Det er elles metodefridom i Noreg; forstått som at det er profesjonsfellesskapa sjølve som skal drøfte seg fram til gode undervisningsformer, eventuelt støtta av ny teknologi. Eigar i kommunen kan gje retning i form av t.d. temaplanar og strategiar som t.d. *Strategi for inkluderande fellesskap i barnehage og skule*, som skulane kan konkretisere i eigne årshjul.

Norconsult ser at fleire av skulane ikkje har klart å lage gode årshjul som kan hjelpe dei i systematisk kompetanseheving og utvikling av praksis. Dette kan sjåast i samanheng med kva kapasitet og moglegheiter ein ser til å utvide denne forma for drift.

Norconsult har gjennomført risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) for å vurdere evne og kompetanse til å ta i bruk ny teknologi og undervisningsformer i samband med eventuell endring av struktur (vedlegg 4).

Digital undervisning i barneskulen – moglegheiter og utfordringar

Digital undervisning har vorte ein viktig del av skulekvardagen, også i barneskulen. Undervisningsforma gir fleksibilitet og moglegheit for læring uavhengig av tid og stad, noko som er nyttig ved til dømes sjukdom eller stengde vegar. Samstundes fører dette med seg fleire utfordringar, særleg for dei yngste elevane.

Ifølgje Kunnskapsdepartementet må digitaliseringa vere pedagogisk forsvarleg og tilpassa elevane sine føresetnader. Mange barn manglar det sjølvstendet som krevst for å arbeide strukturert på eiga hand, og er avhengige av vaksne for å forstå oppgåver og halde fokus. Dette kan skape ulikskap i læringsutbytte. I tillegg går elevane glipp av det sosiale fellesskapet i klasserommet, som er viktig for utvikling av sosiale ferdigheiter og trivsel, særleg for sårbare elevar.

Digital fjernundervisning i barneskulen – moglegheiter og utfordringar

Digital fjernundervisning inneber at elevar er fysisk samla på skulen, medan læraren underviser digitalt frå ein annan stad. Den nye opplæringslova frå 2024 (§ 14-4) opnar for slik undervisning når det finst gode grunnar, og det er pedagogisk forsvarleg. Den slår også fast at fjernundervisning berre kan nyttast dersom fordelane for elevane er større enn ulempene, og undervisninga er trygg og pedagogisk forsvarleg. Ein fordel kan til dømes vere at det blir mogleg å gi elevane eit tilbod dei elles ikkje ville fått, eller at det gjer det mogleg å tilpasse det faglege nivået til den enkelte på ein betre måte. Det skal takast omsyn til elevane si læring, trivsel og sosiale tilhøyrslar. Dette kan vera aktuelt ved lærarmangel, små elevgrupper eller lang reiseveg.

Det finst inga fastsett minimumsalder for fjernundervisning, men ifølgje Utdanningsdirektoratet må alder og modning vurderast nøye. Fjernundervisning er mindre aktuelt i grunnskulen enn i vidaregåande opplæring, då yngre elevar ofte treng tettare oppfølging og sosialt samspel.. Dette føreset at læraren på skulen følgjer opp elevane mellom fjernundervisningsøktene.

Dersom fjernundervisning vert nytta på barnetrinnet, krev lova at kvalifisert personale er til stades for å støtte elevane i opplæringa. Elevar med ITO- vedtak har særskilde rettar her.

Ein fordel med modellen er at elevane får behalde det sosiale fellesskapet, noko som kan styrkje struktur og motivasjon. Samstundes må desse sosiale fellesskapa også vera av tilfredsstillande kvalitet. Eit anna moment er at det kan vera utfordrande å sikre tett oppfølging når læraren ikkje er fysisk til stades. Elevane treng støtte til å forstå oppgåver, stille spørsmål og få rask tilbakemelding – noko som er meir krevjande digitalt.

Ifølgje NOU 2024:20 varierer organiseringa av digital undervisning mykje mellom skular. Det er viktig å tilpasse undervisninga til lokale forhold og elevane sine behov. Ein kvalifisert tilsett må vere til stades i klasserommet for å støtte elevane praktisk og pedagogisk.

Teknisk infrastruktur er avgjerande. Fjernundervisning krev stabile nettverk, godt utstyr og lærarar med digital kompetanse. I tillegg må personvernet ivaretakast, då store mengder personopplysningar vert behandla i digitale læringsmiljø.

Loverket legg vekt på at ein ved fjernundervisning på fast basis skal ha større fordelar enn ulemper. Ved endring i struktur vil nokre elevar få lenger reiseveg enn i dag. Risikoen ved bruk av skuleskyss er også vurdert som akseptabel.

Ei løysing med fjernundervisning kan bli utfordrande for elevar med ulike utfordringar og behov. Opplæringslova krev eit likeverdig og inkluderande tilbod både sosialt og fagleg for alle elevar.

Det er alt peika på svakheitlar ved dagens struktur som i for liten grad sikrar å gi alle barn eit inkluderande, likeverdig, trygt og godt tilbod, både sosialt og fagleg. Norconsult og KS Konsulent sine rapportar om barnehage og skule syner store sårbarheiter og forskjellar i profesjonsfellesskap, kompetanse, leike- og læringsmiljø og kvalitet.

Kommunedirektøren si vurdering er at ei endring i struktur vil gi vesentleg større fordelar enn ei løysing med bruk av fjernundervisning vil kunna gje. Lovkrava for bruk av fjernundervisning kontra ordinær undervisning er heller ikkje tilstrekkeleg tilstades.

Kommunedirektøren anbefaler difor ikkje å gå vidare med vidare utgreiing av fjernundervisning.

Barns beste – vurdering

Barns bestevurderingar skal gjerast i alle plansaker som omhandlar barn. Norconsult har i sin rapport gjort barns bestevurderingar både i eignaheitsvurderingane for anlegg og i alternativsvurderingane for struktur. Her handlar mål og kriterie både eksplisitt og implisitt om barns beste.

Å lytte til kva barn sjølve meiner, er viktig for å kunne avgjere kva som er til barnets beste. Ei grundig vurdering kan føre til betre avgjerder og bidra til å verkeleggjere barnets rettar. Kva som er til barnets beste, må avgjerast frå sak til sak. For å kunne vurdere dette konkret, må ein ha kunnskap om situasjonen og behova til det aktuelle barnet, eller den bestemte gruppa barn.

Kommunedirektøren har henta inn barn si stemme gjennom elevråd og intervju av barnehagebarn og brukt Barneombodet sine moment (vite, vurdere, vekte og vise) i barns bestevurderinga (vedlegg 4). Ein har også nytta Nordlandsforskning si rapport « *Vurderingar av barnets beste ved skolestrukturendringer* » (vedlegg 33). Målet med å vurdere barnets beste på systemnivå er å sikre at behova og interessene til barn og unge blir teke omsyn til i avgjerder som påverkar dei. Kva som er til barnets beste, skal vere ein del av grunnlaget for avgjerder i alle saker som rører barn – både direkte og indirekte.

Kommunedirektøren følger prosjektgruppa si vurdering av prioriteringar av kva som skal vektast mest i ei barns beste vurdering (vedlegg 28).

Barnehage og skule sitt hovudmål må vera å løyse utdanningsoppdraget, som er å gi alle barn eit inkluderande, likeverdig, trygt og godt tilbod, både sosialt og fagleg. Ulike kunnskapsgrunnlag syner at det er krevjande å rekruttera lærarar i barnehage og skule no, og kommunedirektøren vurderer at det blir krevjande i åra framover også. Norconsult og KS Konsulent sine rapporter om barnehage og skule syner store sårbarheiter og forskjellar i moment som profesjonsfellesskap, kompetanse, leike og læringsmiljø og kvalitet i dagens struktur. Kommunedirektøren si vurdering er at barnehagar og skular med gode og robuste kompetansemiljø, i moderne bygg og anlegg inviterer til meir praktisk og variert opplæring, vil vera barns beste og vil overgå moment som til dømes reiseveg og bustadattraktivitet.

Lover, føresegner, rundskriv

Barnekonvensjonen, pkt 3

Grunnlova, § 4, 2 ledd

Folkehelseslova 4

Opplæringslova

Barnehagelova

Forskrift om miljøretta helsevern i barnehager og skular

Plan- og bygningslova

Økonomiske konsekvensar

Oppgradering og nybygg av barnehagar og skular vil ha store økonomiske konsekvensar for Suldal kommune. Kommunedirektøren legg i første omgang til grunn delar av Norconsult sine kostnadsestimat for saka. Nærare utgreiingar og prosjekteringar, som føreslege i 2026 vil gi meir nøyaktige prisar.

Utrekningane synleggjer kostnadene ved drift av skule og barnehage i det føreslegne alternativet, samt det innsparingspotensialet som kan liggje i mogelege strukturendringar og endring i leiarmodell.

Til grunn for utgreiingane legg kommune følgjande:

Lønnskostnader:

- Skule: Kostnader til lønn skuledrift, alle tilsette, inkludert sosiale utgifter. Kommunale tal etter Suldal kommune sin tildelingsmodell
- Barnehage: Kostnader til løn er estimert basert på garantilønssatsar i tariffavtaler (bl.a. KS og PBL) og gjennomsnittstal frå Statistisk sentralbyrå (SSB). Faktisk lønn kan variere med ansiennitet, utdanning.

Bygningsdrift: Inkluderer årlege kostnader til forvaltning, drift og vedlikehald (FDV), og utviklingskostnader som er ført på driftsbudsjettet. Samanlikningsgrunnlaget i er anbefalt FDV-kostnad per m² (Norsk prisbok) på NOK 1.239,-.

Skyss skule: Inkluderer årlege kostnader til skyss for elevar i dei ulike alternativa. Kostnader fylkeskommunal sats og utgifter ved skyss etter kommunalt vedtak.

Investeringskostnad: Inkluderer kostnad til oppussing, middels ombygging, tyngre ombygging eller nybygg/tilbygg. Utgiftene blir rekna på overordna nivå, og vil byggje på pris per kvadratmeter tiltak. Nærmare moglegheitsstudiar og prosjektering må gjerast for å finne eksakt omfang og pris.

Kapitalkostnader: Inkluderer årlege kostnader til avdrag og renter for lån til investeringane. Kostnader for investeringar byggjer på omfanget av tiltak med siste kvadratmeterprisar etter Norsk Prisbok (per mars 2025), og skjønnsmessig vurdering av grad av ombygging. Rentesats 4 %, 30 år nedbetaling. Annuitetslån. MVA trekt frå.

Følgjande blir i utgangspunktet ikkje teke med i dei økonomiske berekningane:

- Etterbruk: Etterbruk av anlegga, til dømes sal, utleige, riving eller formålsendring, er ikkje teke med som kostnad eller inntekt. Etterbruk blir tilrådd som eiga sak når struktur er vedteken.
- Inventar: Kostnadar til inventar er ikkje medteke, anna enn det som ligg i kontoplanen.

Den føreslegne strukturen vil gi ein reduksjon lønsutgifter tilsvarande 9,4 millionar kroner samanlikna med dagens struktur. Ny struktur og oppgradering til funksjonell standard vil krevja investeringar og gir auke i kapitalkostnad. I sum vil dagens struktur utan oppgraderingar kosta 119,1 millionar per år.

Ein ny struktur med oppgraderte og føremålsteneslege bygg vil kosta 120,58 millionar.

Dagens struktur	Dagens struktur	Ny føreslått struktur
	Millionar kr.	Millionar kr.
Lønnskostnad skule totalt	68,6	62,8
Nesflaten	3,0	0
Vinjar	12,5	13,8
Sand	35,0	35,0
Marvik	4,8	4,8
Jelsa	4,1	0
Erfjord	9,2	9,2
Lønnskostnad barnehage totalt	33,6	30,0
Vinjar	8,5	7,4
Vinjar barnehage avdeling Nesflaten	1,6	0
Sand	10,8	10,7
Stølane	6,6	6,6
Jelsa	3,1	2,3
Kjølvikstølen	3,0	3,0
Totalt lønn oppvekst	102,2	92,8
Skyss	2,5	2,1
FDVU (Skule 10,2 og barnehage 4,1) dagens	14,3	
FDVU (Skule 11 og barnehage 4,6) ny		15,6
Totalt	119,0	110,5
Kapitalkostnad	0	10,08
Totalt	119,1	120,58

Anslått investeringskostnadar	Investering Millionar kr. inkl. mva	Kapitalkostnad* Millionar kr.
Vinjar oppvekstsenter	17,3	0,8
Sand barnehage	56,3	2,61
Sand skule	10,3	0,48
Stølane Oppvekstsenter	129,1	5,99
Jelsa barnehage	4,4	0,2
Totalt	217,4	10,08

- Rekna med 100% lånegrad

Kommunedirektøren meiner at ved å samle fleire einingar i oppvekstsenter, blir det mogleg å bruke styrar- og leiarressursar meir effektivt, og å organisere personalet fleksibelt etter behov. Alternativet vil skapa langsiktig berekraft sjølv om ønska alternativ krev noko meir investering i bygg (kapitalkostnad). På sikt kan det gi lågare lønsutgifter, driftskostnader (FDVU) og betre funksjonell eignaheit. Kostnadane til FDVU føresett sal eller sanering av bygg som ikkje lenger blir brukte.

Kommunedirektøren meiner at investering i bygg og strukturendring vil gi langsiktig berekraft, lågare driftskostnader og betre funksjonell eignaheit, sjølv om det krev høgare investeringar på kort sikt.

Folkehelse

Saka omhandlar noko som har stor effekt på barna si folkehelse. Barnehagar og skular er viktige arenaer for barn si utvikling og læring, sosialt, fagleg, emosjonelt og fysisk.

For tilsette stiller arbeidsmiljølova krav til både fysisk og psykisk arbeidsmiljø. Rapporten til Norconsult syner at mange bygg har store manglar i høve til både lovkrav og den lokale standarden. Dette påverkar arbeidsmiljøet negativt og gjer det vanskeleg å tilby gode og helsefremjande arbeidsplassar for tilsette.

Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak

Prosjektmandat

Budsjett

Økonomiplan

Vurdering og konklusjon

Barnehagen og skulen si kjerneoppgåve er å oppfylle utdanningsoppdraget: å gi alle barn eit inkluderande, trygt og likeverdig tilbod – både sosialt og fagleg.

Kommunestyret har det overordna, juridiske og økonomiske ansvaret for at både opplæringstilbod og barnehagetilbod i kommunen oppfyller alle krav i lov og forskrift, og skal sikra at både barnehagar og skular har dei ressursane og systema som trengst for å oppfylle desse krava. Det er barnehage- og skuleeigar sitt ansvar å gje einingane gode nok rammer til å drive forsvarlege og likeverdige tenester etter lova og til beste for barna.

Fleire kunnskapskjelder viser at det i dag er krevjande å rekruttere kvalifiserte tilsette, og kommunedirektøren vurderer at dette vil halde fram som ei utfordring i åra som kjem.

Det blir i ulike kunnskapsgrunnlag peika på store sårbarheiter og ulikskapar i dagens struktur, mellom anna når det gjeld profesjonsfellesskap, kompetanse, leike- og læringsmiljø og kvalitet.

Kommunedirektøren meiner at barnehagar og skular med sterke fagmiljø og moderne bygg legg betre til rette for praktisk og variert opplæring i tråd med opplæringslov og læreplan. Dette vil vere til det beste for barna, og veg tyngre enn faktorar som reiseveg og bustadattraktivitet.

Kommunedirektøren meiner den skisserte løysinga set kommunestyret i stand til å ta det ansvaret ein er sett til.

Vedlegg

Norconsult:

1. Barnehage- og skulebruksplan Suldal kommune -Kunnskapsgrunnlag
2. Kunnskapsgrunnlag Barnehage – og skulebruksplan Suldal kommune. Eignaheitsvurderingar
3. Kunnskapsgrunnlag Barnehage – og skulebruksplan Suldal kommune. Foreldreundersøkinga
4. Risiko- og sårbarhetsanalyse til kunnskapsgrunnlag Barnehage- og skolestrukturplan

KS Konsulent:

5. Rapport Utfordringsbildet skole Suldal kommune

Rogaland fylkeskommune

6. [Kunnskapsgrunnlag for kompetanse i Rogaland – oversikt – demografi -Suldal](#)

Suldal kommune

7. Kommunestyresak 087/24 - Prosjektmandat
8. Prognose elevtal fram til 2030/31
9. [Økonomiplan med handlingsprogram 2023-2026:](#)
10. [Økonomiplan med handlingsprogram 2024-2027](#)
11. [Økonomiplan med handlingsprogram 2025-2028](#)
12. Kommunestyresak 12/494 - Utreiing av reisetida frå Vetrhus/Bråtveit – Sand
13. Kommunestyresak 22/596 - Framtidas oppvekst: Utfordringar og framlegg til løysingar
14. Kvalitetsmelding for 2024 barnehage, skule og SFO
15. Spørjeundersøking blant tilsette kring kvalitetsmelding for 2024 barnehage, skule og SFO
16. Informasjon og medverknad i grendene – presentasjon frå administrasjonen til grendamøte
17. Svar på spørsmål grendamøte Øvre Suldal
18. Svar på spørsmål grendamøte Suldalsosen
19. Svar på spørsmål grendamøte Sand
20. Svar på spørsmål grendamøte Erfjord
21. Svar på spørsmål grendamøte Jelsa
22. Svar på spørsmål grendamøte Ropeidhalvøyna
23. Svar på spørsmål grendamøte Hylsstronda
24. Innspel barns beste- vurdering
25. Presentasjonar og referat frå prosjektgruppa
26. Presentasjonar og referat frå referansegruppa

27. Innspel alternativsvurdering; alternativ 4 for skule og 2 for barnehage:

Øvre Suldal grendeutval

Suldalsosen grendeutval

Sand grendeutval

Erfjord grendeutval

Jelsa grendeutval

Ropeidhalvøya grendeutval

28. Barns beste- vurdering frå prosjektgruppa

Utdanningsdirektoratet

29. [Veileder om tilstrekkelig bemanning i barnehagen](#)

30. [Opplæringslova § 17-7 Krav om at skolane har tilgang på vikarar](#)

31. [Forskrift om familiebarnehagar](#)

32. FN-Konvensjon om rettighetene til personer med nedsatt funksjonsevne

33. Nordlandsforskning - *Vurderinger av barnets beste ved skolestrukturendringer -*

En veileder til barnerettighetsvurderinger basert på norsk lovverk, eksisterende veiledere og lovlighetskontroller

34. [Barneombudet – barnets beste](#)

35. Svar frå Statens vegvesen om ROS og rasfare riksveg 13